

Slam: Ingvild Lothe oppdaterer 1970-tallets bekjennelsespoesi.

Faux-naif, Super

slutten av oktober skrev Kolon forlag følgende begeistrede tweet: «Herrefred! Ingvild Lothes dikt har hittil fått nesten 5000 likes på renpoesi! Gøy!» @renpoesi er en Instagram-konto som har resultert i to bokutgivelser med «vakre, rare, triste, morsomme, sexy og glade dikt» som har blitt delt på kontoen. Spørsmålet er hva Lothe (f. 1990) skal med anmeldelser nå som hun har fått 5000 likes for dette diktet?

*Da jeg sa jeg var et dyr i senga mente jeg doventyr
Beklager misforståelsen*

Lothes «Litt lyst til å pule, litt lyst til å dø» kom ut på småforlaget AFV Press i 2015 og er med sine 28 sider for kort til å bli kalt annet enn en pamflett i de offisielle kretslovene, dermed er dette den første «ordentlige» boka som gis ut på et «ordentlig» forlag. For noen år siden ville Lothe kanskje blitt kalt «slam-poet» – enkelte av diktene sier faktisk «slam» hvis man lytter godt, og det er dette «slam» som gir likes. Visse av diktene er slagkraftige på en litt skjev måte, og har en gjenkjennelig sorgmunter kvalitet som swinger med tidsånden.

Det er dikt som språklig skygger det sorgmuntre uttrykket som finnes på blogger og Twitter-kontoer, særlig av *millennials*, forfattere født på 1990-tallet, som ble voksne rundt årtusenskiftet et sted. Dagens muligheter til å lese og skrive rå og uredigerte uttrykk på nettet inspirerer poetene til å oppdatere 1970-tallets bekjennelsespoesi. Det er emosjonelle (jente)stemmer som er typiske for zine- og bloggkulturen. Om Lothe «er» sine dikt er ikke så viktig, de strømmer fra en både angstpreget og blottstilt persona som framstår skjev, sjarmerende og skadet.

DIKT

Ingvild Lothe
Hvorfor er jeg så trist
når jeg er så søt
Kolon Forlag 2016, 72 sider



Figuren eksisterer i et hverdagslig vakuum uten framdrift; hun er pinlig emosjonell og ærlig bekjennende, selv om hun egentlig ikke har noen hemmeligheter og er fri for tidligere tiders taburegler om den kvinnelige kroppen hvor sex, menstruasjon og abort måtte fortrennes ut av språket.

Hun er ingen høylytt rebell, for hun knytter ikke an til noe revolusjonsnarrativ. Snarere virker det som om hun søker en metode der skadene fra en rå oppvekst ikke kommer dramatisk til syne som sykdom, men omskapes til verdi; en cool personlighet. Nå er det jo ikke slik at Lothes poesi ankommer uten kontekst. Et blikk på AFV Press' utgivelsesliste viser en tverrskandinavisk interesse for et yngre amerikansk fenomen kalt Alt Lit («alternative literature»).

Lothes dikt kan uten tvil gjøre noe bra for det litt yngre rosabloggsegmentet, som har et så anspent forhold til sin egen perfekte performance. Til sammenligning er Lothe rene punkrockeren, men sett i en bredere, kulturell sammenheng virker diktene litt flate og horisontløse.

Susanne Christensen
bokmagasinet@klassekampen.no



TIDSÅND: Ingvild Lothe.

FOTO: STEPHEN BUTKUS

Alvor: Ben Lerner er på jakt etter nye former for ektefølt engasjement.

Tider skal koma

Ben Lerner forfatterarskap har ein aura som osar og eimar intelligens. Eg kjenner stundom på ein skepsis mot språket hans, som kan sløre til tankane og gi banalitetar eit skin av visdom. I eit intervju på New York Public Library blei han til dømes spurt om førsteutgåva av Walt Whitmans «Leaves of Grass», som han hadde fått studere før samtalen. Smålate, men også smått heroisk fortalde Lerner at han ikkje plar fetisjere slike førsteutgåver, men har større tru på pocketbøker: «It is the multitude nature of the book that seems to me to contain some element of its social power».

God dag, Kaptein Sjølv-sagt!

Romanane til Lerner inneheld nokre liknande elementære poeng, pakka inn i store ord, men gjer meg mindre skeptisk etter kvart som eg les, fordi nettopp gapet mellom det oppriktige og det ironiske utgjør det sentrale problemkomplekset i bøkene hans. Lerner synleggjer ikkje berre kløfta mellom individet og dets meir eller mindre flatterande sosiale avskyggingar, han stuper også ned i denne kløfta. «The narrator is condemned to wander the darkened corridor of his own authenticity», skreiv James Wood om «På vei fra Atocha stasjon», debutromanen som sirkla rundt dette spørsmålet: «Når skal du slutte å late som om du bare later som om du er poet?». I «10:04» brukar Lerner igjen virket sitt som poet og forfatter til å tvinge fram ei slags samtidsdiagnose. Han fangar ein tilstand der ironien ikkje lenger maktar å døyve lengsla etter noko ærleg og autentisk, men der det også er umogleg å returnere til ein paradisisk før-ironisk tilstand.

Som mange andre forfattarar bevegar han seg difor lenger mot «fiksjonens ytterkant»: Forteljaren Ben er poet, har skrive ein kritikkarrost roman og fått

der «normaliteten [føltes] snodig». Handlinga i «10:04» spelar seg ut rundt liknande paradoks: livet og døden – i både personleg og planetær forstand. Ben skal hjelpe ei venninne med å lage eit barn, medan han sjølv har fått ein potensielt dødeleg diagnose. Samstundes herjar uværet i New York, og det bryggar til storm og apokalypse: Klimakatastrofen gir



UTOVER: Lerner bevegar seg mot «fiksjonens ytterkant».

FOTO: CAPPELEN DAMM

ROMAN

Ben Lerner
10:04

Omsett av Thomas Lundbo
Cappelen Damm 2016, 240 sider



likhet med et dikt verken er fiksjon eller sak, men noe som flimrer midt imellom».

Den Hollywood-vande lesaren veit truleg kva «10:04» refererer til: Tidspunktet då Marty blir sendt tilbake til framtida i filmen med same namn. Språket til Lerner inneheld flust av fordoblingar og sjølvmotseiingar, som det å vende attende til framtida: Ben blir «sjokkert over hvor sjokkert» han blir. Ei venninne av han «ville gjerne være vulgær, men ville det så oppriktig at det annullerte vulgariteten». Romanen endar dessutan ein stad

der «normaliteten [føltes] snodig».

Handlinga i «10:04» spelar seg ut rundt liknande paradoks: livet og døden – i både personleg og planetær forstand. Ben skal hjelpe ei venninne med å lage eit barn, medan han sjølv har fått ein potensielt dødeleg diagnose. Samstundes herjar uværet i New York, og det bryggar til storm og apokalypse: Klimakatastrofen gir

ikkje apokalypse nå, men apokalypse etterpå, og i mellomtida lurar Ben på om det er forsvarleg å bringe barn til ei verd som er i ferd med å gå under. Han deler også visjonane sine for tidene som skal kome, og ein kan håpefullt skimte ei framtid som har gått klar katastrofen. «Alt vil bli akkurat som det er nå, bare litt annerledes» lyder mottoet i romanen, som er eit umake urverk: Lerner lagar ei rift i fiksjonstida, slik at fortid, forteljetid og framtid kan flyte over i kvarandre. «Tilbake til fremtiden' var forut for sin tid», kommenterer han tørt.

Lerner viser like lettlynt til messianismen som til Hollywood: «10:04» er eit verk som drøymer om eit komande fellesskap, men samstundes ironiserer over dei faktiske forsøka på fellesskap – først og fremst matkooperativet Ben tek del i, som har eit «kassasystem basert på radikal, villet ineffektivitet», openbert utvikla i tråd med nymotens venstreradikal teori. Han uttrykkjer likeins «avsky for Brooklyns boutique-biopolitikk, der det å bruke obskønt mye penger og uendelig mye tid på stilisert kokkelering muliggjør en sammensmelting av egenomsorg og politisk radikalisme».

I «10:04» set Lerner intelligensen sin i verk, og romanen framstår som eit oppriktig forsøk på å riste av seg den gamle autentisitetens åk, men også på å kome seg ut av den sjølvnøgde ironien og inn i eit eller anna bindande – potensielt frigjerande – politisk engasjement. Med andre ord viser han vilje til å bruke fiksjonen som forandring, heller enn som flukt.

Eivind Myklebust

bokmagasinet@klassekampen.no

ÅRETS GAVEBOK!

«En historie om livet»

Kunnskapsboken for den nysgjerrige leser!

- En bok om samfunn og naturvitenskap
- En debattbok om dagens samfunn
- En filosofibok om livets mysterier og muligheter

«En fantastisk bok som alle familier bør eie!»

«Debattboken som løfter viktige samfunnsspørsmål til overflaten»

Kjøpes i alle bokhandlere eller direkte fra Cogito forlag: www.forumcogito.no eller jan.kerr.eckbo@AuknerEckbo.no

